



**FELLES TILTAKSSTRATEGI FOR TILSKOT
TIL MILJØTILTAK I LANDBRUKET
2012 – 2015**



**FJELL – SUND – ØYGARDEN
KOMMUNAR**

Felles tiltaksstrategi for Sund, Fjell og Øygarden kommunar for bruk av midlar til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

1. TIDSROM

Tiltaksstrategien gjeld i fire år frå 2012 til og med søknadsrunden i 2015.

2. OVERORDNA PLANAR OG MÅLFORMULERINGAR

Regionalt miljøprogram for Hordaland.

Fjell, Sund og Øygarden kommunar har felles landbruksplan. Eit av hovudsatsingsområda er og vil framleis vere kulturlandskapet.

Det er nedfelt i gjeldande plan at søknader om SMIL midlar i samsvar med dei strategiane og tiltaka som omhandlar kulturlandskap skal prioriterast.

3. STRATEGIAR OG TILTAK – SMIL MIDLAR

Hovudmålsetjing i landbruksplanen:

Kulturlandskapet i Fjell, Sund og Øygarden skal vere produktivt og levande.

Kommunane skal ved bruk av dei økonomiske verkemidlane leggja til rette for at viktige og heilskaplege landbruksområde vert teken vare på

STRATEGIAR FOR BRUK AV TILSKOT

- Ein skal ved all arealdisponering ta særskild omsyn til viktige og samanhengande innmarksområde. Samanhengande område er prioritert for tilskot.
- Store og samanhengande utmarksområde som har verdi for beite, kultur og friluftsiinteresser, er prioritert for tilskot.
- Søknader i område sett av til kjerneområde landbruk går føre søknader utanfor slike definerte område. For kommunar som ikkje har vedtatt område for kjerneområde landbruk skal kart over viktige landbruksområde på inn og utmark skal vere retningsgjevande for prioritering av tiltak.

Det skal også i framtida vere store samanhengande lyngheier i regionen

STRATEGIAR

- Satse på (felles-) tiltak i større samanhengande lyngheiområde
- Synleggjere andre interesser i lyngheiomåda; friluftsliv, kultur, fiske m.m.

TILTAK

- Opprette fellesbeite der og folk som ikkje har tilgang til beiteareal kan få tilgang
- Lage oversikt over tilgjengelege areal for beite
- Utarbeide plan for områder som skal brennast og prioritera desse
- Det bør opprettast beitelag i dei ulike kommunane. Tiltak innanfor grensene til beitelaga er prioritert i tilskotssaker.

ANSVAR:

Grunneigarar, fagлага og kommunane

Kunnskap om kystlandskapet vårt skal gå vidare til nye slekter

STRATEGI:

Det skal satsast på tradisjonsbæring av kunnskap som er naudsynt for å halde kulturlandskapet i hevd.

TILTAK

Det skal arrangerast open dag/temadag innan følgjande fagfelt:

- Lyngbrenning
- Tørrmuring
- Oppbygging av grindverk
- Husdyrhald/beite
- Landskapspleie

ANSVAR:

Fagлага og kommunane

Samarbeid

STRATEGI:

Kommunane skal saman med fagлага leggja tilrette for samarbeid mellom bøndene. Ved tildeling av tilskot frå offentlege midlar til landbruksretta tiltak skal dei søknadane som inkluderer samarbeid prioriterast.

Hydroteknikk

STRATEGI:

Eit av dei store utfordringane i regionen vår er dårleg drenering av dyrka mark. Grøftene er ofte steinsatte og har ei avgrensa levetid alt etter forholda. Etter vår kommunane si vurdering vil tilskot til hydrotekniske tiltak vera eit viktig tiltak i å ta vare på kulturlandskapet.

TILTAK:

Kommunane ynskjer difor å ta slik restaurering inn som eit prioritert tiltak. Slik restaurering er arbeidskrevjande og dette er ein av grunnane til at forventa trong av midlar aukar i neste tiltaksperiode.

4. FORVENTA TRONG FOR ØKONOMISKE VERKEMEDEL I PERIODEN

Kommunane fyller inn tal for perioden 2009 - 2015

Kommune	År	Søkarar	Omsøkt i kr.	Løyve frå FM inkl. ekstraløyve
SUND	2004	2		35000
SUND	2005	X		100000
SUND	2006	X		120000
SUND	2007	8	789550	125000
SUND	2008	12	807250	111000
SUND	2009			
SUND	2010			
SUND	2011			70000
SUND	2012			150000
SUND	2013			150000
SUND	2014			150000
SUND	2015			150000
Kommune	År	Søkarar	Omsøkt i kr.	Løyve frå FM inkl. ekstraløyve
FJELL	2004	20		64000
FJELL	2005	16	529570	150000
FJELL	2006	12	570972	130000
FJELL	2007	26	656782	145000
FJELL	2008	26	921428	100000
FJELL	2009	32	833306	102200
FJELL	2010	32	640542	140810
FJELL	2011	24	678503	99000
FJELL	2012			200000
FJELL	2013			200000
FJELL	2014			200000
FJELL	2015			200000
Kommune	År	Søkarar	Omsøkt i kr.	Løyve frå FM inkl. ekstraløyve
ØYGARDEN	2004	7	430000	28000
ØYGARDEN	2005	17	917500	100000
ØYGARDEN	2006	14	569200	100000
ØYGARDEN	2007	9	281600	80000
ØYGARDEN	2008	4	93440	50000
ØYGARDEN	2009	7	410000	101000
ØYGARDEN	2010	4	197000	70000
ØYGARDEN	2011	4	209000	77000
ØYGARDEN	2012			170000
ØYGARDEN	2013			180000
ØYGARDEN	2014			190000
ØYGARDEN	2015			200000

TILTAKSSTRATEGI FOR TILSKOTSORDNINGA NMSK-MIDLAR FOR FJELL, SUND OG ØYGARDEN KOMMUNAR

STRATEGIAR OG TILTAK – NMSK MIDLAR

1. TIDSRØM

Tiltaksstrategien gjeld i fire år frå 2012 til og med søknadsrunden i 2015.

STRATEGI:

Det har dei siste åra vore låg aktivitet på miljøtiltak i skog. Mykje tydar på at aktiviteten vil halde seg låg i kommande periode. Kommunane vil derfor sjå NMSK-midlane i samanheng med SMIL-midlane og handsame dei søknadane som kjem inn på fritt grunnlag.

Kva saka gjeld:

Formalisering av kommunal tiltaksstrategi for Fjell, Sund og Øygarden kommunar (heretter kalla regionen) med retningsliner for økonomiske verkemidlar til miljø- og skogtiltak for perioden 2005 – 2009. ”Forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket” (NMSK) er grunnlaget for tilskotsordninga.

Virkeområde:

Tilskot kan gjevast til alle skogeigarar med skogsmark. Grensa for søkbart skogareal er 10 daa, man kan fråvikast dersom søknaden gjeld tiltak i samarbeid mellom fleire eigedomar.

Det er utarbeida ein strategisk landbruksplan for regionen. Planen er eit resultat av eit nært samarbeid mellom kommunen og dei ulike faglaga i landbruket lokalt. Fylkesmannen si landbruksavdeling har vore representert i arbeidsgruppa. Planen har vore ute på høyring og vert gitt legalitet når han er godkjent av kommunestyra i regionen.

Områder som er relatert til skogbruk:

- Juletre/pyntegrøntproduksjon
- Vedproduksjon
- Ungskogpleie
- Skogpleie i kantsoner og rundt kulturminner
- Tilskot til landbruksvegar godkjent etter ”Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål” eller plan og bygningslova sine bestemmelser. Vilåret er at vegen byggjast i samsvar med gjeldande ”normaler for landbruksvegar med byggeutgreiing”

Juletre/pyntegrøntproduksjon er eit satsingsområde med god lønsemd og stor marknad. I regionen er det i dag registrert 17 produsenter. Dei aller fleste er framleis småskala produsentar, men fleire har potensiale for vesentleg utviding av dyrkningsareal.

Skogbrukets kursinstitutt v/Aktivt Skogbruk samarbeidar med den offentlege landbruksforvaltninga om lokal gjennomføring av kurs for skognæringa. Det er til no arrangert to kurs i klipping og forming av juletre for lokale produsentar. Det er eit mål å halde fram med å styrke kompetansen på dette området ved å tilby fleire kurs. I tillegg har Aktivt skogbruk desse kurstilboda:

- Skader på juletrær
- Gjødsling av juletrær og pyntegrønt
- Anlegg av juletreffelt

Kursa varer frå 4 til 15 timar. Det som er aktuelt i regionen er 10 timars kurs over to dagar.

Det er ein bygdesag i kommunen med gode lagringstilhøve både for tømmer og ferdig trelast. Skurtømmeret er for det meste kjøpt eksternt. Ein ser for seg ein auke i lokale leveransar etter kvart som skogen vert eldre.

STRATEGIAR OG TILTAK

1.0 Hovudmålsetjing:

Alt skogareal i regionen, både produktivt og uproduktivt så vel barskog som lauvskog skal gjennom rasjonell pleie gi eit tilfredsstillande resultat for grunneigarar og lokal industri. Vidare skal skogen tene som rekreasjonskjelde for ålmenta, som livsmiljø for planter og dyr og område for jakt og fiske.

”Kommunane skal gjennom arealpolitikken sikre at viktige og heilskaplege skogområder vert teke vare på.”

STRATEGIAR

- Ein skal ved all arealdisponering ta omsyn til viktige og samanhengande skogområder
- Større eldre barskogområder med naturskogpreg bør miljøregistrerast.

TILTAK

- Kart over skogområder skal vere retningsgivande temakart til kommuneplanen sin arealdel
- Eldre barskogområder med naturskogpreg har vanlegvis eit mangfold av artar. Denne skogtypen skal ha eit særleg vern
- Produktivt skogareal skal skjermast mot frådelling og utbygging.

ANSVAR:

Grunneigarar, fagлага og kommunane

1.1 JULETRE/PYNTEGRØNTPRODUKSJON SOM HOVUDSATSINGSOMRÅDE I REGIONEN

STRATEGIAR

- Ta i bruk innmarksareal som ligg brakk og utmarksareal av høg bonitet som ligg skjerna til for klimatisk påverknad
- Marknadstilpassa produksjon av treslag, kvalitet og mengd
- Detalj- og engros-sal av produkt lokalt
- Opprette rådgjevingorgan evt. lokalt faglag beståande av aktive dyrkarar
- Tilrettelegging for sjølvhogst som oppleving med fokus på born og sal av tilleggsprodukt
- Sentralisering av plantekjøp for å oppnå kvantumsrabatt og minimalisering av transportkostnader.

TILTAK

- Kartlegge potensielt dyrkingsareal med tilråding av treslag
- Kompetansebygging i regi av Aktivt Skogbruk
- Spørjeundersøking retta mot kundar i regi av lokale seljarar
- Sentralisering av teneste til engrosleddet
- Registrere målsetjing og behova til den einskilde dyrkar
- Stimulere registrerte produsentar av juletre/pyntegrønt til å utvide produksjonsareal

ANSVAR

Juletreprodusentar, salsledd og kommune

1.2 SKOGSVIRKE SOM RÅSTOFF TIL VED- OG FLISPRODUKSJON

STRATEGIAR

- I fyrste rekke skal det satsast på å bruke lauv og furu til ved og gran til flis
- Skogsvirke som ikkje held skurkvalitet skal nyttast lokalt til ved- og flis
- Tillate sjølvhogst på kommunal grunn

TILTAK

- Registrere områder med tilgang til råstoff
- Skaffe oversikt over kva utstyr til vedproduksjon som skogeigarane rår over

ANSVAR

Kommune og skogeigarar

1.3 VERDISKAPANDE TILTAK I YNGRE PRODUKSJONSSKOG OG TILTAK SOM GJER SKOGAREALET TILGJENGELEG FOR BEFOLKNINGA”

STRATEGIAR

- Tiltak skal prioriterast i større samanhengande skogområder av gran og sitkagran i LNF-områder
- Arbeidet utførast av grunneigar sjølv, grunneigarlag eller organisasjonar
- Tiltak som lekk i verdiskaping og sjukdomførebygging

TILTAK

- Utarbeide plan for aktuelle områder
- Avstandsregulering og oppkvisting til 2, 5 meter av ståande skog
- Nyttbart virke drives ut
- Vitalitetsgjødsling av plantefelt

ANSVAR:

Skogeigarar med kommune som rådgjevar og pådrivar

1.4 AVSTANDSREGULERING OG KVISTING I KANTSONAR LANGS VEGAR OG VASSDRAG

STRATEGIAR

- Kommunen kartlegger og prioriterer areal langs offentlege vegar
- Arbeidet utførast av grunneigar sjølv grunneigarlag eller organisasjonar. På kommunal eigedom skal brukarar av motorsag ha verneutstyr og gjennomgått kurs i bruk av sag
- Områder der skogen står tett ved veg skal prioriterast utfrå omsynet til trafikk tryggleik og estetikk
- Av gjenståande tre skal lauvtre prioriterast
- Kantsoner mot innmarksareal

TILTAK

- Avstandsregulering med jamn tresetting minimum 2 meter mellom stammene
- Felte trær nyttast til ved
-

ANSVAR:

Skogeigar med kommune som rådgjevar og pådrivar